



## Møteprotokoll

**Utval:** SOGN REGIONRÅD

**Møtestad:** Quality Hotel Sogndal

**Møtedato:** 26.10.2018

**Tid:** 09:30 - 13:45

A. Varaordfører Laura Kvammen ønske velkommen til Sogndal

B. Disse møtte:

<b>Faste medlemmar</b>
Jan Geir Solheim, ordfører Lærdal kommune Noralf Distad, ordfører Aurland kommune Harald N. Offerdal, ordfører Balestrand kommune Petter Sortland, ordfører Høyanger kommune Ivar Kvalen, ordfører Luster kommune Laura Kvamme, varaordfører (til kl 1230), Jarle Aarvoll, ordfører Sogndal kommune (frå kl 1230) Olav Turvoll, ordfører Vik kommune Arild Ingar Lægreid, ordfører Årdal kommune Forfall: Jon Håkon Odd, ordfører Leikanger kommune
<b>Medlemmar</b>
Karina Nerland, dagleg leiar Jarle Skartun, rådmann Luster kommune Arne Johansen, rådmann Lærdal kommune (til kl 1230)
<b>Andre</b>
Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane Margun Thue, stadleg leiar ved Lærdal sjukehus Helse Førde Arve Varden, administrerende direktør Helse Førde (telefon) Helge Ulvestad, konsulent Ulvestad PRV

B. Innkalling godkjent utan merknader.

C. Protokoll frå møtet 14.9.2018 godkjent utan merknader.

## Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
<b>17/18</b>	18/2567 <b>Fleire læreplassar i Sogn - partnerskapsavtale</b>
<b>18/18</b>	18/3076 <b>Klimatilpassing som miljøteknologisatsing i Sogn</b>
<b>19/18</b>	18/770 <b>Jordmorstyrt ultralydtilbod ved Lærdal sjukehus</b>
<b>20/18</b>	16/2478 <b>Regional plan for psykisk helse - vidareføring av satsing på psykisk helse i barnehagar og skular</b>
<b>21/18</b>	18/3661 <b>Fullmakt til dagleg leiar</b>
<b>22/18</b>	18/3013 <b>Møteplan for 2019 - endring</b>
<b>23/18</b>	18/472 <b>Orienteringssaker Sogn regionråd</b>

**Sak 17/18**  
**Fleire lære plassar i Sogn - partnerskapsavtale**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek partnerskapsavtale for fleire lære plassar i Sogn slik han ligg føre.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek partnerskapsavtale for fleire lære plassar i Sogn slik han ligg føre.

**Sak 18/18**  
**Klimatilpassing som miljøteknologisatsing i Sogn**

**Tilråding:**

Sogn regionråd løyver kr 100 000 i 2018 og kr 100 000 i 2019 av regionale utviklingsmidlar til Vestlandsforskning til utgreiingsprosjektet for bruk av miljøteknologi i klimatilpassingsarbeidet.

**Handsaming**

Rådet ønskjer ei breiare tilnærming slik at prosjektet også rettar seg mot andre næringer som er viktige for Sogn.

Det kom framlegg om tilføyning til nytt punkt om mål med utgreiinga: «2c) Samarbeide med eksisterande bedrifter».

Rådet meiner det bør etablerast ei referansegruppe slik det framgår i saksframlegget, og regionrådsleiar kan delta i denne gruppa.

**Vedtak:**

Sogn regionråd løyver kr 100 000 i 2018 og kr 100 000 i 2019 av regionale utviklingsmidlar til Vestlandsforskning til utgreiingsprosjektet for bruk av miljøteknologi i klimatilpassingsarbeidet.

Rådet ber om at nytt punkt vert teken med som følgjer: «2c) Samarbeide med eksisterande bedrifter».

Regionrådsleiar kan delta i ei referansegruppe.

**Sak 19/18**  
**Jordmorstyrt ultralydtilbod ved Lærdal sjukehus**

**Tilråding:**

Sogn regionråd tilrår at kommunane bidreg med finansiering til investering av ultralydutstyr ved Lærdal sjukehus slik det går fram av saksframlegget.

**Handsaming**

Det vart teke kontakt med direktør i Helse Førde pr telefon under handsaming av saka. Helse Førde melder tilbake kostnad for ultralydutstyret innan ei veke.

Det kom framlegg om at «slik det går fram av saksframlegget» derfor går ut og at rådet si tilråding til kommunane kan sendast ut etter at kostnad er klarlagt.

Ultralydutstyret vil ha utvida bruksområde og vil vera tilbod for alle, ikkje avgrensa til gravide. Omgrepet «jordmorstyrt» i tittelen går derfor ut.

**Vedtak:**

Sogn regionråd tilrår at kommunane bidreg med finansiering til investering av ultralydutstyr ved Lærdal sjukehus.

**Sak 20/18**  
**Regional plan for psykisk helse - vidareføring av satsing på psykisk helse i barnehagar og skular**

**Tilråding:**

Sogn regionråd set av inntil kr 180 000 av fondsmidlar barnehage og skule til å vidareføra satsinga innan psykisk helse og gjennomføre kompetansehevingstiltaka for tilsette i barnehagar og skular.

**Vedtak:**

Sogn regionråd set av inntil kr 180 000 av fondsmidlar barnehage og skule til å vidareføra satsinga innan psykisk helse og gjennomføre kompetansehevingstiltaka for tilsette i barnehagar og skular.

**Sak 21/18**  
**Fullmakt til dagleg leiar**

**Tilråding:**

Dagleg leiar får fullmakt til å disponera inntil kr 50 000 til enkeltoppdrag.

Dagleg leiar rapporterer til rådet sitt neste møte.

**Vedtak:**

Dagleg leiar får fullmakt til å disponera inntil kr 50 000 til enkeltoppdrag.

Dagleg leiar rapporterer til rådet sitt neste møte.

**Sak 22/18**  
**Møteplan for 2019 - endring**

**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek å endra møtedato frå 31. januar til 13. februar 2019.

**Vedtak:**

Sogn regionråd vedtek å endra møtedato frå 31. januar til 13. februar 2019.

**Sak 23/18**  
**Orienteringssaker Sogn regionråd**

1. Leiar
  - Hardangerrådet og kommunane Voss og Vaksdal er positive til eit møte om felles interesser i ny fylkeskommune.
2. Innspel frå medlemmane
  - Flaum og rasfare i regionen: Det bør lagast oversikt over risikoområde for ras og flaum og nødvendige sikringstiltak.
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
  - Vi vil starte arbeidet med å sjå på dei ulike interkommunale ordningane og korleis med skal kome vidare med desse og samarbeid på ein god måte (jf kommune- og regionreform som påverkar arbeidet).

5. Administrasjonen

- Kommunepsykologar:
  - Samarbeid med Helse Førde - arbeidsgruppa er i gang.
  - Samarbeid med Høgskulen på Vestlandet - utlysing kjem om kort tid.
- Nye Vestland fylkeskommune ønskjer dialogmøte med Hardangerrådet, Voss kommune og Sogn regionråd den 27.11.2018. Det blir teke kontakt for å avklare om datoen kan endrast.

6. Ungt Entreprenørskap sine aktivitetar og samarbeid med kommunane.

Holger Aasen, dagleg leiar Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane.

- Oppmodar ordførarane til å vidareføra «Vårt lokalsamfunn» i skulane
- Ungt Entreprenørskap (UE) inviterer kvar kommune til å inngå avtale for å få ein felles struktur for samarbeidet. Dette har vore drøfta i dei regionale nettverka for oppvekstsjefane og næringssjefane. Presentasjonen er lagt ved.

7. Orientering om stadleg leiing ved lokalsjukehusa. Evaluering av rolla.

Margun Thue, stadleg leiar Helse Førde. Det blir høyring av kommunane om modellen for stadleg leiing. Presentasjonen er lagt ved. Helsegruppa førebur eit brev til Helse Førde om leiingsfunksjonen.

Jan Geir Solheim  
leiar

Noralv Distad

Harald N. Offerdal

Karina Nerland  
dagleg leiar